

Romsdal Regionråd (ROR)  
Nordmøre Regionråd

Vår ref.: 2016/1133 -0- 7090/2016  
ERE

Dykkar ref.:

Dato: 18.02.2016

## Utnefning av representantar til kommunal referansegruppe til prosjektutviklinga av Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR)

Helse Møre og Romsdal HF (HMR) er inne i konseptfasen for utviklinga av sjukehuset i Nordmøre og Romsdal. Prosjektet omfattar utviklinga av spesialisthelsetenestetilbodet til innbyggjarane i Nordmøre og Romsdal. Dette inkluderar både nytt felles akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal lokalisert på Hjelset og eit godt DMS/ poliklinisk tilbod i Kristiansund. Dette vert namngitt samla sett «SNR» og delprosjekta vert namngitt «SNR Hjelset» og «SNR Kristiansund».

I tråd med inngått samhandlingsavtale mellom kommunane og helseføretaket, utkast til nasjonal helse og sjukehusplan og primærhelsetenestemeldinga, skal kommunane medverke og høyrast i utvikling av spesialisthelsetenestene.

Etter møtet mellom kommunane i Nordmøre og Romsdal, HMR, Nordmøre Regionråd, Romsdal Regionråd, Sunnmøre Regionråd og KS i Møre og Romsdal 3. februar d.å., kom det tilbakemelding om at kommunal medverknad ville kunne løysast gjennom ei kommunal referansegruppe. HMR ber om at RoR og NRR utnemner respektivt 3 personar kvar frå ulike kommunar mellom sine medlemskommunar. Det er ønskjeleg at det er personar som arbeidar med og har kompetanse frå helse og sosialfaglege spørsmål og samhandling.

Vi ber om tilbakemelding om utnefning av representantar til gruppa seinast innan 29.februar. Tilbakemelding og evt. spørsmål knytt til dette kan rettast til prosjektleiarane; [astrid.johanne.brandshaug@helse-mr.no](mailto:astrid.johanne.brandshaug@helse-mr.no) eller [merete.hagbo@helse-mr.no](mailto:merete.hagbo@helse-mr.no). I gruppa forøvrig vil det delta fagpersonar frå HMR og prosjektorganisasjon SNR.

### Første møte med kommunal referansegruppe

Vi inviterer dei oppnemnde representantane til eit første møte **tysdag 15. mars 2016, kl.12:00 – 16:00 på prosjektkontoret på Hjelset**.

Møtet vil ha særleg tre område å følgje opp, desse er jmf. styrevedtaka og føretaksprotokoll:

- Felles akuttsjukehus på Hjelset ([SNR Hjelset](#))
- Godt poliklinikk – og dagtilbod/DMS i Kristiansund ([SNR Kristiansund](#))
- Vidareutvikling av prehospitala tenester for å ivareta dei innbyggerane som får lengst reiseveg til sjukehus».
- Samhandling

### **Regionalt senter for helseinnovasjon og samhandling**

Nordmøre Regionråd har sett ned ei arbeidsgruppe som har arbeidd gjennom eit forprosjekt med eit «Helseinnovasjonssenter» i Kristiansund. Dette er tenkt samlokalisert med spesialisthelsetenestetilbodet i Kristiansund. HMR vil stille med personar frå føretaket og prosjektorganisasjonen SNR tilgjengeleg for arbeidsgruppa for å utgreie dette. Det er viktig at eigarskapet til Helseinnovasjonssenteret ligg hos Nordmøre Regionråd og kommunane, men at SNR Kristiansund delen av prosjektet tek opp i seg grensesnittet og samarbeidet med desse tenestene, og forholdet til samlokalisering. Jf. Styrevedtak i HMR, skal SNR Kristiansund utgreiast i konseptrapporten med to ulike verksemdsalternativ, og begge desse verksemdsalternativa skal utgreiast innplassert både i dagens Kristiansund sjukehus og i nye lokalar. Ein vil altså vise 4 ulike alternativ for SNR Kristiansund.

Konseptrapporten vil bli sendt på høyring på haustparten 2016, som vil vere kommunane sin offisielle høve til å uttale seg om prosjektet. Prosjektet skal også kvalitetsikrast gjennom ein KSK (Kvalitetssikring konseptfase), der eit eksternt fagmiljø går gjennom rapporten og gjev si kvalitetssikring.

For meir informasjon som framdrift, milepæler og bakgrunnsdokument for SNR-prosjektet viser vi til nettsida for prosjektet: <http://www.helse-mr.no/snr>

Vennleg helsing



Espen Remme  
adm. direktør

Kopi: Kommunene i Møre og Romsdal,  
Sunnmøre Regionråd,  
Styret i Helse Møre og Romsdal HF,  
Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal